

Forord

Vi i redaksjonen ønskjer med dette velkommen til denne nye boka om Aasmund Olavsson Vinje. Han vart fødd 6. april 1818, så det er over 200 år sidan denne mangslungne journalisten og diktaren kom til verda i Vinje i Telemark. I 2018 inviterte vi til ein stor konferanse ved Universitetet i Sørøst-Noreg i Bø for å kaste lys over innsatsen hans. Da ønskete vi oss ei brei mønstring. Vi ville ikkje avgrense innhaldet til eit bestemt fagområde eller til ei spissformulert problemstilling. Når vi no ser så mange av forelesingane frå denne dugnaden samla mellom to permar, kan vi slå fast at ønsket vårt er oppfylt. Dei 24 kapitla i boka tek for seg både mannen og verket, i samtid og ettertida. Vi vil gjerne rette ein stor takk til alle som har stilt opp slik at det kunne bli både konferanse og bok!

Fleire av Vinjes songar og dikt er allemannseige, hans *Ferdaminni fraa Sumaren 1860* er ein klassikar i norsk litteraturhistorie, og språkhistorisk er han ein pionér i utviklinga av det nye landsmålet. I akademiske krinsar har vi i stigande grad fått augo opp for den dristige og innhaldsrike prosaen hans. Som aldri før treng vi tvisynet hans til å skapa rørsle i dei fastfrosne

meiningane vi ofte held oss med. Boka inneheld også bidrag om Vinjes talekunst.

Nye generasjonar les Vinjes tekster med stadig nye briller. I så måte er han ein ekte og slitesterk klassikar i litteraturen vår. Resepsjonshistoria er eit døme: Samtida las han ofte som ein provokasjon, målrørsla etter 1905 las han som ein kulturhøvding, Sigmund Skard som ein klassisist og Sveinung Time og Jon Haarberg har trekt inn karnevalistiske perspektiv. Det ligg altså ein rikdom i arbeida hans som det er målet vårt å gjera enda betre kjent. Vi vonar at denne samlinga av kritiske og grundige undersøkingar vil vera til gagn i så måte.

Fleire av forfattarane i denne antologien har gjort bruk av dei nye kjeldene som vart tilgjengelege i 2018. Dette gjeld *Korrespondentbrev til Drammens tidende 1851–1859* i tekstkritisk utgåve ved Nina Marie Evensen og Jon Haarberg som ein no kunne lesa på nettstaden til www.bokselskap.no. Og det gjeld den store *Vinje-bibliografien* til Ottar Grepstad som inneheld 444 sider tettpakka med informasjon om alt som er skrive av og om Vinje. Vi vonar at framtidas Vinje-forskarar også vil setta pris på den boka som her ligg føre, som ei kjelde til viktig kunnskap, og som inspirasjon til å finne sine eigne ferdavegar i det rike landskapet hans.

Redaksjonen

Arnfinn Åslund

Peter Fjågesund

Kristian Hanto

Sveinung Nordstoga

Johan M. Staxrud